

# Innst. S. nr. 36

(2001-2002)

## Innstilling frå næringskomiteen om endringar av løyvingar på statsbudsjettet 2001 under Nærings- og handelsdepartementet

St.prp. nr. 15 (2001-2002)

Til Stortinget

### SAMANDRAG

I proposisjonen legg departementet fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2001.

#### **Kap. 900 og 3990 Nærings- og handelsdepartementet**

I statsbudsjettet for 2001 er det innført ei ordning der pårekna utgifter til meklarhonorar og annan nødvendig fagleg bistand ved aksjesal er lagt inn med øyremerkte beløp under kap. 900 post 21, jf. St.prp. nr. 1 (2000-2001). Det er gjennomført nedsal i A/S Olivin (til 51 pst.), Arcus AS (til 34 pst.) og heile den statlege aksjeposten i Norsk Medisinaldepot ASA. Salet av aksjane i Norsk Medisinaldepot ASA er gjennomført i september etter fullmakt gitt av Stortinget ved handsaminga av St.prp. nr. 84 (2001-2002), jf. Innst. S. nr. 325 (2000-2001). Brutto salsbeløp på om lag 468,3 mill. kroner er føreslått løyvd som inntekt under kap. 3900 post 90. Transaksjonskostnadene for dei tre aksjesalane utgjer om lag 18,6 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om auka løyving til transaksjonsutgifter ved sal av aksjar i 2001 under kap. 900 post 21 med 8,6 mill. kroner.

#### **Kap. 911 Bedriftsretta kompetanseoverføring**

Departementet sine kostnader knytt til SMB- og Joint Venture-programma og Program for næringsliv og entreprenørskap i 2001 aukar til 13,6 mill. kroner. Det er 3,9 mill. kroner meir enn det ein rekna med ved starten av året. Departementet gjer framlegg om at meirforbruket dels skal dekkjast ved intern omdisponering av 1,2 mill. kroner frå handlingsplanen for små verksemdar og dels ved overskriding/auking av programløyvinga for 2001 med 2,7 mill. kroner, med tilsvarende innsparing/nedsett programløyving på statsbudsjettet for 2002, jf. St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 4 (2001-2002).

#### **Kap. 922 Norsk Romsenter**

I budsjettet for 2000 er det lagt til grunn at dei årlege løyvingane til Norsk Romsenter skal justerast i høve til

eurokursen. For 2001 gjer ein på dette grunnlaget framlegg om å redusere løyvinga til Norsk Romsenter med 7,2 mill. kroner frå 246,7 mill. kroner til 239,5 mill. kroner.

#### **Kap. 956 (nytt) Norsk Jern Eiendom A/S**

På statsbudsjettet for 1991 fekk departementet fullmakt til å garantere for at Norsk Jern Eiendom A/S (NJE) skulle haldast skadeslaus for eventuelle framtidige kostnader som følgje av pålegg frå Statens forureiningstilsyn knytt til avfallsprodukt som Norsk Koksverk A/S hadde grave ned på tomte til NJE. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2,1 mill. kroner som refusjon for utførte miljøtiltak på statsbudsjettet 2001.

#### **Kap. 2420 Statens nærings- og distriktutviklingsfond (SND) (jf. kap. 5320 og 5620)**

Samanlikna med saldert budsjett for 2001 gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga til innlån til SND si risikolåneordning med 185 mill. kroner, frå 5,5 mrd. kroner til 5,315 mrd. kroner. Løyvinga til innlån til SND si grunnfinansierings- og lågrisikolåneordning reduserast med 1,64 mrd. kroner, frå 38,5 mrd. kroner til 36,86 mrd. kroner.

#### **Kap. 5320 og 5620 Statens nærings- og distriktutviklingsfond (SND) (jf. kap. 2420)**

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga til avdrag frå SND si risikolåneordning med 210 mill. kroner, frå 5,45 mrd. kroner til 5,24 mrd. kroner. Løyvinga til avdrag frå SND si grunnfinansierings- og lågrisikolåneordning reduserast med 6,23 mrd. kroner, frå 38,5 mrd. kroner til 32,27 mrd. kroner. Årsaka er mellom anna at SND har tatt opp lån med lengre løpetid og dermed færre forfall og opptak av nye lån. Departementet gjer vidare framlegg om at renteinntekta frå innlån til risikolåneordninga aukast med 18 mill. kroner og renteinntektene frå innlån til grunnfinansierings- og lågrisikolåneordninga reduserast med 56 mill. kroner, frå 715 mill. kroner til 659 mill. kroner.

**TILRÅDING FRÅ KOMITEEN**

Komiteen, har ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2001 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål:	Kroner
<b>Utgifter:</b>			
900		Nærings- og handelsdepartementet (jf. kap. 3900)	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	8 600 000
		frå kr 118 800 000 til kr 127 400 000	
911		Bedriftsretta kompetanseoverføring	
	75	EUs SMB-program, <i>kan overførast</i> , blir auka med.....	2 700 000
		frå kr 6 000 000 til kr 8 700 000	
922		Norsk Romsenter	
	70	Tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	7 200 000
		frå kr 246 700 000 til kr 239 500 000	
956 (nytt)		Norsk Jern Eiendom A/S	
	70	Refusjon for miljøtiltak, blir løyvd med .....	2 100 000
2420		Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. kap. 5320 og 5620)	
	91	Lån til risikolåneordninga, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	185 000 000
		frå kr 5 500 000 000 til kr 5 315 000 000	
	92	Lån til grunnfinansierings- og lågrisikolåneordninga, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	1 640 000 000
		frå kr 38 500 000 000 til kr 36 860 000 000	
<b>Inntekter:</b>			
3900		Nærings- og handelsdepartementet (jf. kap. 900)	
	90	Sal av aksjar, blir auka med .....	468 300 000
		frå kr 741 000 000 til kr 1 209 300 000	
3958 (nytt)		Kapital, ymse ventureselskap	
	90	Sal av aksjar, blir løyvd med .....	8 900 000
5320		Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. kap. 2420)	
	91	Avdrag på uteståande fordringar, risikolåneordninga, blir redusert med ....	210 000 000
		frå kr 5 450 000 000 til kr 5 240 000 000	
	93	Avdrag på uteståande fordringar, grunnfinansierings- og lågrisikolåneordninga, blir redusert med .....	6 230 000 000
		frå kr 38 500 000 000 til kr 32 270 000 000	
5620		Renter, utbytte frå Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. kap. 2420)	
	81	Renter, risikolåneordninga, blir auka med .....	18 000 000
		frå kr 175 000 000 til kr 193 000 000	
	86	Renter, grunnfinansierings- og lågrisikolåneordninga, blir redusert med	56 000 000
		frå kr 715 000 000 til kr 659 000 000	

Oslo, i næringskomiteen, den 29. november 2001

**Olav Akselsen**  
leiar

**Olaf Gjedrem**  
ordførar

**Ivar Kristiansen**  
sekretær